



Gunda Nordanger
Hamrane 30
5700 VOSS


Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5475 - 14/16594

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
07.07.2014

Svar på førespurnad vedkomande oppføring av naust/rorbu - gbnr 70/23 Feste nordre

Lindås kommune viser til din førespurnad vedkomande bygging av naust/rorbu på gbnr 70/23.



Den delen av eigedommen de spør om, ligg i eit område avsett til fritidsbustad i kommuneplanen sin arealdel. I kommuneplanen er det vist ei stipla line i området avsett til fritidsbustad, som viser byggegrensa mot sjø. Plassering av byggverk i strid med denne, krev dispensasjon. Oppføring av naust/rorbu er ikkje eit tiltak som fell innanfor arealføremålet, slik at det krevst dispensasjon for å kunne føra opp naust. I alle byggeområda i kommuneplanen er det krav om utarbeiding av reguleringsplan, jf. føresegn 1.1.

For tiltak som de viser til, så krev det følgjande dispensasjonar:



- Arealføremålet fritidsbustad
- Plankrav, jf. føresegn 1.1. i kommuneplanen
- Byggegrense mot sjø

Pris for handsaming av dispensasjonar går fram av Lindås kommune si gebyrforskrift. Den er å finna på www.lindas.kommune.no (gå til sjølvbetening og prisar).

For informasjon om krav til innhald i søknad og aktuelle søknadsskjema og blankettar, gå til www.dibk.no.

Når det gjeld krav til utforming av naust, vil kommuneplanen sine føresegner vere retningsgivande for utforminga, samt at kommunen vil kunne setje vilkår for utforming ved eit eventuelt positivt dispensasjonsvedtak.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Terje Gilje

Mottakarar:

Gunda Nordanger

Hamrane 30

5700

VOSS